

Oppsummering innspel – planoppstart

Plannamn	Detaljregulering for utviding av gravplass i Kjølsdalen
Plan-ID	2017004
Saksnummer (Nordplan–Eid kommune)	16193 - 17/2905
Utarbeidd av	Arild Rindal
Datert/revidert	10.10.2018

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Fjordabladet avis, og på Eid kommune og Nordplan si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale vart sett til 18.12.2017. Det er kome inn 6 innspel. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er oppsummert slik:

	Dato/avsendar/gbnr.	Oppsummert innspel	Nordplan sin kommentar
1	22.11.17 Statens Vegvesen (SVV)	Ber om byggegrense minimum 20m frå senterlinja på Rv15. På denne måten kan også ein del av vegetasjonen framleis fungere som skjerm mot trafikk, vegtrafikkstøy og støv frå riksvegen. Det må elles sikrast at gang- og sykkeltrafikken i planområdet vil fungere på ein trygg måte i anleggsfasen. Det skal søkjast vegvesenet om godkjend arbeidsvarslingsplan for dette.	<i>Beregning av vegtrafikkstøy</i> utarbeidd av Sweco, datert 02.02.18, viser at det er mogleg å oppnå tilfredsstillande støynivå på heile gravplassen ved anbefalt støyskjerming som vist i rapporten. På grunn av dette ynskjer ein då å lage eit planutkast med same utbygging som skissert i fyrste annonseringsfase innanfor 20 m frå senterlinja til Rv. 15.
2	01.12.17 Sogn og Fjordane Energi AS (SFE)	Ingen merknad til planen.	Ingen
3	18.12.17 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF)	Viser til standardskriv og peikar på følgande tema som spesielt aktuelle: 2. naturmangfald 6. landskap og estetikk 7. grønstruktur 8. barn og unge 9. universell utforming 11. ureining 13. samfunnstryggleik og beredskap Presiserer at merknader i skrevet er å sjå på som ein del av fråsegna, og legg til grunn at det kjem tydeleg fram korleis relevante punkt er vurderte.	Desse tema vil bli omtala gjennom planomtalen som gjer greie for planforslaget.
4	15.12.17. Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFF)	Ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne. Ber om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgande: <i>Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til SFF v/kulturavd. dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. §8, 2. ledd i Lov om kulturminne.</i> Døme: trekol i undergrunnen, eller groper, steinsettingar eller samling av stein, våpen, reiskap og liknande. I metall eller stein.	Kursivert formulering vert innarbeidd i føresegnene til reguleringsplanen.

5	18.12.17 Den norske kyrkja v/Björgvin Bispedømmeråd (BB)	<p>Rådgjevar for gravplass-saker har kome med fleire innspel som BB sluttar seg til:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Utvide planområdet til å omfatte kyrkje, eksisterande gravplass og parkeringsplass. -Sikre buffersone mot naboskap innanfor planområdet. Vise korleis ein vil sikre bufferfunksjon mot riksveg på ein god måte. -Nye graver bør ikkje leggest innanfor byggegrensa til SVV. -Gravplassar skal skjermast mot støy i samsvar med T-1442. Gravplass er definert som stille område anbefalt maksgrense utanfor tettbygd strøk er L_{den} 40. -Gravplass skal tilretteleggast med universell utforming, sjå NS11005. (Standarden har m.a. særskilte krav og tilrådingar for gravplassar.) -Gravferdsforskrifta har krav om nivå for grunnvatn og djupne for jord ved gravareal. Som del av reguleringsplanen bør det gjerast ei geoteknisk vurdering for å avklare kva for tiltak som må til for at området skal bli eigna til gravlegging. <p>BB ber også om at det vert utarbeidd gravplassplan i høve utvidinga.</p> <p>BB skal ha høve til å uttale seg til reguleringsframlegget før kommunen gjer vedtak etter pbl.</p>	<p>Innspelet vert drøfta vidare med Bispedømmerådet gjennom planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> -Området vert utvida som innspelt. -Ein vil prøve å gjennomføre tiltaket som planlagt innanfor 20m-byggegrense til Rv. 15 då ein likevel vil oppnå tilfredsstillande støynivå på gravplassen ved hjelp av anbefalt støyskjerming ref. <i>Beregning av vegtrafikkstøy</i> datert 02.02.18. -Planforslaget skal sendast over til gjennomsyn før det vert lagt ut på høyring. -Det har blitt gjennomført geoteknisk vurdering av området for å avklare om det er kvikkleire i grunnen. Undersøkingane avkreftar dette. -Gravplass reknast i områdekategori med byparkar og friområder i tettbygde strøk og skal støyvurderast i henhold til spesifikke støykjelder ref. tabell 3, side 9 i <i>Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging</i>.
6	18.12.17 Kjølisdalen montessoriskule og barnehage	<p>Viser til synfaring med kyrkjevevja 09.06.17 og understrekar at utearealet som skulen nyttar på austsida av planområdet er godt og mykje brukt. Dei ber om at området ikkje vert røyvd ved. Det er ønskeleg at planavgrensinga vert trekt vestover slika at det flotte uteområdet ikkje vert omregulert med tanke på framtidig bruk av dette arealet for barn.</p>	<p>Med tilvising til innspel om buffersone lenger oppe er plangrensa vidareført som annonsert, men den aktuelle delen av skulen sitt uteområde vert regulert med føremålet <i>grønstruktur - naturområde</i>, nettopp for å sikre området sine naturkvalitetar til vidare bruk for skulen.</p>